

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

juli 2002

Årgang 12



*Valdresspringar til topps!!  
Valdrestakt i Vågå*

## Innhald

Gode lesar av Låt o Link!	2
Høyringsuttale i høve	
Arnestadrapporen	3
Valdres Spelemannslag?	4
Strunkeveko og	
Jørn Hilme-stemnet 2002	5
Nytt frå styret i Vfl.	10
Valdres Folkemusikkgruppe	
dansar med huldra.....	11
Takk til Øystre Slidre	
spel- og dansarlag .....	12
Ny logo for Valdres Folke-musikklag? .	12

*Sjå fyldig og  
god omtale med  
program for  
Strunkeveko og  
Jørn Hilme-  
stemnet på side  
5-10.*

# GODE LESAR AV LÅT O LINK!

Me er i den glade festival- og kappleiks-sesongen. For mange er det reine eksamenstida for hobbyen dans, song, spel, ei offentleg prøve der ein stiller seg til vurdering både for sensorar og folkemeining. Lokalkappleiken vart fint gjennomført i Skrautvål i april. Takk til Vårflaumen som hadde det praktiske ansvaret og danna ramme rundt dagen! Deltakartalet gjekk oppover og det gledar oss stort.

Og så kom Landskappleiken! Er de komne nedpå bakken att? Valdrisar gjer det bra på kappleik! Eg vil gratulere med **alle** resultat, og helsar spesielt til Jan Beito-haugen Granli og Gro Arneng. Sjølv var eg ikkje på kappleiken, men rapportane som tikka inn om spelet til Jan skapte store forventningar til folkemusikkstimen same dag. Superlativa var ikkje overdrivne, tåra kom på plass og prisen var velfortent! Og Gro som song seg opp i klasse A! Eg veit Gro leverar kvalitet så slik var det ikkje uventa, men meldinga sende nok ei tåre til augekroken. (Det undrar meg at ikkje dette representerar større overskifter i media..) Eg er sikker på at ho vil gjera seg gjeldane høgt på lista i A-klassen når det skal prøvast. Lykke til vidare!

Som leiar for Vfl. er all denne deltakarlysta blant medlemmane ein stor inspirasjon. Det er moro å få vera med å leggje til rette organisasjonen for lète og link. Styret har ”funne tonen” og lagt opp aktivitetsnivået for arbeidsåret. Ei av hjartesakene er tilrettelegging for dei unge, framvekst av gode samværsmiljø, skapa rammer for allsidig folkemusikk/dans-oppleveling med utgangspunkt i I Valdrestakt. Og før me får formidla idéar i praksis reiser altså I Valdrestakt til Vågå og vinn klassa si! For ein inspirasjon for denne oppattstarta gruppa. Leiaren i Vfl. gratulerar og ynskjer dykk og hjartans lykke til vidare!

Om få veker er det Fagernes/Leira som er sentrum for kurs og stemne. Strunkeveko fyrst ut med Hilmekurs og Hilmestemnet hakk i hæl. Mange er i full beredskap i tida som står att, og eit stort apparat vil fungere når det brakar laust. Eg nyttar høvet til å takke på førehand for innsatsen sidan eg veit me har stødige folk ved rora og veit det vil bli vellykka tilskipingar!

Det er mange store ballar i lufta for Vfl. Som styre stiller ein iblant spørsmål ved retningane ballane har. Me har så lyst til at Vfl. skal bli eit skikkeleg diskusjonsforum om nett dette. Kva midlar skal me bruke for å nå det overordna målet; få folk til å lète og linke seg meir? Rapporten til Georg Arnestad, ”Folkemusikk og folkedans i det seinmoderne Noreg” var utgangspunkt for eit slikt diskusjonsforum i mai. Det var interessant og eg håpar de er på plass når andre emne kjem opp utover året. Det er så viktig som grunnlag for arbeidsprogrammet vidare.

Eg kom ein dag for seint med førre leiarartikkel og vil berre avslutte denne slik som eg gjorde med den som ikkje kom på trykk og samstundes ynskje alle ein retteleg god sumar!!

Nils Rogn fråsa seg altså leiarjobben for Folkemusikkklaget i denne omgang, og me takkar for arbeidet han har lagt ned så langt! Han er elles no å finne på

varalista, eit alibi for den nye leiaren ved utidig rådslagning. Ein takk òg til resten av førre styre for innsatsen og for tilrettelegginga for oss som skal føre dette vidare!

”ideligen blir dette ta dom artige jobba”, - berre me tek oss tid til spontan sideridideridei’san! ”

*Helsing Oddrun*

---

## HØYRINGSUTTALE I HØVE ARNESTADRAPPORTE

”FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS I DET SEINMODERNE NOREG”,  
Georg Arnestad

Dei underteikna folkemusikk- og danseinstitusjonane har hatt samrådingsmøte der innhaldet og vidareføringa av rapporten var emne. Det syner seg at alle dei involverte var samstemde i si oppfatning av tilstanden for arbeidsfeltet og vil samle seg om følgjande uttale:

Rapporten dannar eit bilet Valdres til dels kjenner seg att i. Situasjonen kjennest likevel ikkje fullt så dramatisk når det gjeld opplæring/utøving innan dans. Her vil me nemne Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko (sumarkurs for born og unge), Valdres folkemusikkgruppe som formidlar spel og dans, dansegruppa ”I Valdrestakt” for ungdom under 30 år, spel- og dansarlaga, Valdres folkemusikkarkiv, Valdres Folke-museum og kulturskulane med elementæroplæring.

Ein må ha klart for seg kvifor det er så viktig å ta vare på og dyrke lokal folkekultur.

- Å ta vare på musikken og dansen er viktig i seg sjølv. Dette er lokalt arvesylv som ingen annan enn dei som lever i det kan ivareta, altså ”gras-rota”.
- Det er ikkje nok at ein liten elite dyrkar arven, men at flest mogeleg deltek kvar på sitt nivå. ”Ein avlar ikkje storspelemenn der det ikkje finst raklespelemenn,” som ein av våre største spelemenn har uttrykt det.
- Det er eit viktig middel for å skapa gode miljø både for born og unge i oppvekst, gje dei lokal identitet, og elles som ramme for sosial trivsel og tryggleik for alle i by og bygd.

Med dette målet blir rapporten for trong for oss. Me er ikkje einige i midla som blir skisserte for å nå målet.

- Me klarar ikkje å dimensjonere verdien av satsinga på det sentrale Noreg i slik grad rapporten legg opp til. I det heile ser me folkemusikk- og danseNoreg skissert som ei pyramide delt høgt oppe der toppen som både

*Framhald neste side*

representerar få eliteutøvarar og er geografisk sentrert skal vera viktigaste satsingsmålet.

- Det jamne ”grasrotarbeidet” er undervurdert Me vil uttrykkje stor skepsis til å bygge ned det langsiktige arbeidet som dei demokratiske organisasjonane står for til fordel for adhoc-utval. Organisasjonane er grundigare funderte og har skapt livskraftige miljø som må takast vare på, stimulerast og førast vidare. Me som har ”skoen på” vil difor nemne som viktige middel:
- Innsprøyting av ressursar må skje etter pyramideprinsippet, mest i botnen til det trufaste grasrotarbeidet, og mest til distrikta der arven har sitt opphav og rette miljø
- Gje stønad til oppretting av fleire regionale koordinatorar (eks. dagleg leiar i Valdres Folkemusikklag)
- Organisasjonane må i sterk grad samarbeide om dei overordna måla.
- Me må syrgje for å ha instruktørar både for å lære vidare dans og spel til nye, men må òg ha ressursar til å halde inspirasjon og mot oppe hjå dei som trufast driv opplæring år etter år.
- Ein uvurderleg ressurs ligg i deltakinga på tvers av generasjonane.
- Instrumenttilgang og høve til å finansiere øvingslokal.

Med desse punkta håpar me på betre forståing av vår situasjon, og at det blir teke om-syn til ”oss som har danseskoen på” i den vidare bruk av rapporten.

*Valdres Folkemusikklag, Strunkeveko, Dei kommunale kulturskulane, Valdres Folkemusikkgruppe, Jørn Hilme-stemnet, Instrumentverkstaden, Spel- og dansarlaga i Valdres, Valdres Folkemusikkarkiv, Valdres Folkemuseum*

## **VALDRES SPELEMANNSLAG?**

Vi kan berre slutte oss til leiaren i Folkemusikklaget sine gratulasjonar over innsatsen frå Valdres i Vågå. Særleg var det dei yngste som viste at det framleis er liv i folkemusikken og dansen i dalen. Det er gledeleg.

Dette er ei kulturytring som har så mykje godt i seg at den ganske sikkert vil overleva. Likevel kan det ofte vera svært vanskeleg å få samla nok folk til ein enkel dansekveld. To lag gjer det for tida bra, Øystre Slidre spel- og dansarlag og Vårflaumen. Øystre Slidre har lenge tenkt å få arrangere Lanskappleiken. No er det kome innspel om å få til eit samarbeid med Folkemusikklaget om dette. Det trur eg er klokt. Valdres har totalt mykje ressursar, men det gjeld å samla dei mest mogeleg. Då kan vi oppnå slikt som skjedde i Vågå no, og meir enn det. Mitt håp for framtida er at samarbeidet skal bli endå betre enn det er i dag og at Valdres Folkemusikklag skal få endå meir oppslutning om fellestiltak, slik som t d Valdrestakt og arrangement som Jørn Hilmestemnet og Lanskappleik. Det vi konkret treng akkurat no er Valdres Spelemannslag. Vil nokon vera viljuge til å gjera noko for dette? Vi treng ein musikalisk leiar og litt organisering. Gode spelemenn er det nok av no.

*Nils Leine*

# STRUNKEVEKO OG JØRN HILME-STEMNET 2002

Interessa for Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet er stor. Strunkeveko feirar 5-årsjubileum i år med ny deltakarrekord og markeringar ved fleire høve gjennom veka. M.a. blir det urframføring av jubileumsinnslag under Strunkis 2002, eit verk laga av Andreas Skeie Ljones, der alle elevane og instruktørane deltek.  
Nytt for JH-stemnet er eige tingingsverk fredag, og frå torsdag tilbyr me i år camping for stemnedeltakarane på den gamle idrettsplassen i parken.

## MÅNDAG 22. JULI

*Strunkelærar, Valdres folkehøgskule kl 19.30*

Konsert i solo, samspel og dans med instruktørane på Strunkeveko. Her møtast 18 av dei beste unge utøvarane me har i landet.

*Hege Nylund, Gunnlaug Lien Myhr, Gjermund Larsen, Jorun Marie Rypdal Kvernberg, Andreas Skeie Ljones, Hilde Kirkebøen, Bård Vegard Bjørhusdal, Niels Jørgen Røine, Tore Bolstad, Bergljot Hedda Lunde, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Gøril Ramo Håve, Aaste Kveseth, Stig Nilssen, Martin Myhr, Magne Kleiveland, Ami Petersson*

## ONSDAG 24. JULI

*Meisterspel, Valdres folkehøgskule kl 19.30*

*Møt meistrane Håkon Høgemo og Leif Inge Schjølberg i friske tonar med unge, lovande spelemenn- og kvinner frå meisterklassa.*

## TORSDAY 25. JULI

*Hilmekurs, Valdres folkemuseum og nærliggande lokaler kl 18.00*

### *Springar nybyrjar*

Dansekurs for dei som ikkje har dansa springar før, men som kanskje har dansa litt likevel.

*Stian Roland og Tone Voldhaug. Gina Ingeborg Hagen spelar.*

### *Springar vidarekomne*

Dette er kurset for dei som kan danse litt, men som ynskjer å perfeksjonere seg og lære nye turar og tak. Det er ikkje nok å ha gått berre eit nybyrjkurs frå før.  
*Knut Øystein Bakken og Anne Marit Røn. Gunnar Kværne Amundsen spelar*

### *Rørspols*

På dansefestar i dag blir det ofte spela pols til dans. No har du sjansen til å lære ekta Rørspols av *Oddrun Klemmetvoll og Anders Sødal. Inge Godtland spelar*

### **Gamaldans**

Ynskjer du å kaste deg ut i gamaldansen på Jørn Hilme-stemnet?

Lær å danse vals, reinlendar, polka og masurka med *Anne-Grete N. og Rolf Bjørgan. Thomas Nilssen spelar*

### **Song**

Det vert eit felles kurs i song i år, med tre ulike utøvarar. Dei deler kurset seg i mellom, med ei økt kvar.

*Johanna Fuglesteg* vil ta for seg noko av stoffet ho har lært av mor si, Anna Fuglesteg. *Bodil Haug* har vore på samlarferd siste året, og vil ta fram noko av den religiøse songen frå Hallingdal

*Elisabeth Kvarne*, betre kjend som langeleikspelar, har funne sin eigen teig med mykje lokalt stoff frå Nord-Aurdal.

### **Langeleik**

*Ingrid Kvarne Amundsen* vil gje enkel instrumentkjennskap og nybyrjaropplæring på langeleik. Det er fint dersom deltakarane har instrument sjølv, men dette kan også lånast på kurset.

### **Munnharpe**

Nybyrjaropplæring på munnharpe med *Rolf Karlberg*. Dette er eit lite og billeg instrument som ein bør kjøpe seg sjølv, men låneinstrument kan kanskje skaffast dersom ein spør på førehand. Ingen forkunnskap nødvendig.

### **Hått, Slidrehuset kl 21.30**

Gruppa Hått hentar fram lite kjende runddansslåttar frå hardingfeleområdet og spritar seg opp med rykande samspel. Med i gruppa er Per Anders Buen Garnås, hardingfele, Nils Øyvind Bergset, trekkspel og Anders E. Røine på bouzouki, munnharpe o.a. Ein konsert for spanande melodiar og overraskande vendingar. Dette er årets ungdomskonsert i samarbeid med Strunkeveko.

### **Dans etter konserten, Slidrehuset**

### **FREDAG 26. JULI**

*Hilmekursa held fram, kl 10.00*

### **Turing i Øystre Slidre, Avreise Valdres folkemuseum kl 10.00**

Bli med på ein av dei opplevingsrike bussturane på Hilmestemnet. Bli betre kjend med folkemusikktradisjonar og mytiske plassar i fjellbygda Øystre Slidre. ”Møt” Torstein K. Røyne, Nils Beitoaugen, Knut Wårum, Ola G. Okshovd, Torleiv Bolstad, Guri Hegge, Bustebakkin m.fl. mellom anna på Bolstad, Beitoaugen og Hegge. Matservering, føredrag og spel. Turleiarar er Olav Jørgen Hegge og Ingvar Hegge. Med i bussen blir også spelemennene Jan Beitoaugen Granli, Anders E. Røine og Tore Bolstad.

### **Strunkis 2002, Valdres Folkehøgskule, kl 14.00**

Rundt 100 elevar mellom 10 og 20 år held konsert og viser kva dei har lært på Strunkeveko. Det blir og urframføring av jubileumsinnslag laga av Andreas Skeie Ljones.

I dette verket deltek alle elevane og instruktørane på Strunkeveko. Eit høgdepunkt på stemnet, og eit høgdepunkt for alle som likar å sjå spele- og danseglade ungdomar.

### ***Mellan himmel og hav, Kulturhuset kl 19.30***

Det handlar om speleglede og improvisasjon når Jørn Hilme-stemnet for første gong presenterer eit tingingsverk. Støtta av Norsk Kulturråd og Oppland fylkeskommune har vi vald å satse på tre unge, erfarne musikarar. Vegar Vårdal er spelemann på fele og hardingfele med tradisjonsbakgrunn m a frå Nord-Noreg og Rogaland, og han var også den første som tok hovudfag på hardingfele på Norges musikkhøgskole. Spelet til Vegar er sprutande og detaljrikt. Kjersti Vindal spelar klassisk harpe og er 1. harpist ved symfoniorkestera i Helsinki og Trondheim, men ho har også ein solid folkemusikk-bakgrunn. Ho gjev eit kraftfullt, rytmisk og vakkert tilskot til folkemusikken. Sist, men ikkje minst, hardingfelespelemann, klukkar, langhørpe-, orgel- og seljefløytespelar Henning Andersen frå Valdres. Henning er ein av dei beste spelemennene i Valdres i dag, og har trass i ung alder mykje erfaring frå konsertverksemid.

### ***Utdeling av Haldor Røynes ærespris***

### ***Dans på "hundre" golv, Valdres folkemuseum kl 21.00***

### ***Tevling i bygdedansspel på Toradar, Slidrehuset kl 22.00***

Det er dommarar og dansarar i salen når tevlinga i bygdedansspel på toradar går av stabelen på museet. Deltakarane i yngste klasse spelar på kulturhuset laurdag kl. 10.

### ***Vestate, Valdres folkemuseum kl 22.30***

Tradisjonen på Voss og i Hardanger har mykje sams, og er ofte prega av ei lyrisk, fargerik stemning. Frank Rolland er fylkesmusikar i Hordaland, han vann landskappleiken kl B i 2001. Han har eit personleg, men samtidig tradisjonsrikt spel, og er i dag ein av dei mest interessante spelemennene på vestlandet. Berit Opheim er ein av landets fremste kvedarar, og ho har vunne landskappleiken ei rekke gonger. Berit har også arbeidd mykje saman med musikarar frå andre sjangrar, men på Hilmestemnet får vi høre henne hovudsakleg åleine. Kom og opplev vakre tonar frå Hardanger og Voss!

### ***Harald Fylken – Cd-slepp, Valdres folkemuseum kl 24.00***

Plateselskapet Ta:lik gjev denne gongen ut cd med Harald Fylken frå Vestre Slidre (1910 – 1963). Harald var ein skatt dansespelemann, og blir av mange rekna som den viktigaste lærersveinen til Ivar Ringstad. Spelet hans er kjennemerka av originale vendingar og lyriske løysingar. Vakre tonar frå Fylkeninspirerte spelemenn blir å høre ved midnatt.

## **LAURDAG 27. JULI**

### ***Kappleik, kulturhuset kl 10.00 – 12.00***

Spel, song, dans og samspel yngste klasse.

**Dugurdsdans, Skiferplassen kl 11.30**

Gamaldansgruppene Hått og Skarvemellin spelar til dans.

**Godkarteving, Fagernes sentrum kl 12.00**

Grabukkadn arrangerer nok ein gong den fantastiske godkartevinga, ei konkurranse i hallingkast, revkrok, strekke kalveskinn og tre-kamp. Det er rom for kreativ brisking i trekampen, der deltakarane finn på karstykkja sjølve. Born og unge mellom 8 og 14 år kan lære karstykkje på museet, kl. 19.30

**Rotneims-Knut, Fagernes sentrum kl 13.00, Valdres Folkemuseum kl 18.00**

Barneteaterstykket "Rotneims-Knut" blir framført av kvedaren Gunnlaug Lien Myhr, hallingdansar og toradarspelemann Ulf Arne Johannesen og spelemann Bård Vegard Bjørhusdal. Stykket dramatiserer den spanande historia om Rotneims-Knut, berserken, hallingdansaren og galningen frå Hallingdal.

**Majorstuen spelemannslag, Briskeby kunstcafe kl 14.00**

På Briskeby kunstcafe kan du nyte mokka og muffins til bordtonar av medlemmar frå Majorstuen spelemannslag. Energisk og elegant, sprutande vakkert samspel av folkemusikkstudentar frå Noregs musikkhøgskule.

**Kappleik, kulturhuset kl 13.00**

Spel, song og dans, klasse B og D.

**FESTKVELD PÅ MUSEET.**

**Familievenleg**

Gratis barneteater: Rotneims-Knut kl 18.00

Godkarkonkurranse for ungar. Lær karstykkje før konkurransen, kl 19.30

Alle arrangement på stemnet er gratis for ungar under 12 år, 1/2 pris for ungdom mellom 12 og 15 år.

**Utekappleik, Valdres folkemuseum kl 19.00**

**Gamaldans etter landets beste gamaldansgruppe:**

**P.A. Røstad jr s orkester m/ Einar Olav Larsen, Slidrehuset kl 20.00**

Dette orkesteret vidareførar tradisjonen etter P.A.Røstads kvartett m/Hilmar Andersen, som på 1970-tallet ble eit begrep i "Gammeldans-Norge". P.A. Røstad sr. (trekkspel) er fortsatt med, men orkesteret er no under leiing av barnebarnet P.A.Røstad jr. (trekkspel). Einar Olav Larsen på fele er den fremste formidlaren av tradisjonen etter Hilamar Andersen (1903-1993), eit av dei store namna i norsk folkemusikk i førre hundreåret. Kompet består av Bjørn Arild Aksnes (kontrabass) og Villy Kvernmo (gitar). Orkesteret vant Titanofestivalen to år på rad 1999 og 2000 og gikk til finalen i Kappspell'99 på NRK. Dei har to CD-utgjevingar bak seg, og

delteke ved fleire festivaler i utlandet. På Hilmestemnet spelar dei gamaldans på det beste dansegolvet i Valdres.

#### ***Austate, Valdres folkemuseum kl 20.30***

Her vil de få høre musikk frå sørre deler av Hedmark. Hege Nylund frå dei djupe Trysilskoger stiller med si vare stemme og multiinstrumentalist Atle Lien Jensen tek med seg smått og stort frå si varierte instrumentsamling. Dei presenterer slåttemusikk, viser og småstubbar solo og med vakre arrangement.

#### ***Øpe stogo, Valdres Folkemuseum kl 21.00***

Populær og hyggeleg samkomme leia av Ingår Ranheim og Johanna Fuglesteg. Her er alle velkomne til å lyde, syngje, spele eller fortelje historier.

#### ***Hauk Buen, Valdres Folkemuseum kl. 22.00***

Hauk Buen har imponert og gleda musikkinteresserte gjennom ei årrekke. Som spelemann har han halde i hevd og utvikla det beste av norsk hardingfelespel. Vi er særslig glade for å kunne invitere publikum til eit møte med meisterspelemannen.

#### *Mystiske Grunke, kl 23.00*

Margit Sandemo fortel om og frå mystiske Grunke, fjellstølen mellom Valdres og Hallingdal. Dette er eit senter i Margit si eventyrlege verd. Folkemusikken inneholder også mykje mystikk, og Jan Arne Sebuødegård vil saman med Ole og Knut Aastad Bråten spela mystiske låttar på hardingfele og langeleik.

#### ***Dans på ”tusen” golv, Valdres folkemuseum kl 21.00***

### **SUNDAG 28 JULI**

#### ***Kappleik, Kulturhuset kl 11.00***

Open klasse, eldre instrument og samspel, eldste klasse.  
Spel, song og dans klasse A.

#### ***Premieutdeling, Valdres folkemuseum kl 17.30***

#### ***Tore Bolstad, Valdres Folkemuseum kl. 18.30***

Tore Bolstad frå Øystre Slidre vann Landskappleiken i fjor, som første valdres-spelemann på 30 år. Tore er no elev ved meisterstudiet på Ole Bull-akademiet og er elles særslig aktiv som spelemann i Noreg og i utlandet. I år har vi gleda av at dei lyriske og velfunderte tonane hans rundar av Jørn Hilme-stemnet.

#### ***Dans, Slidrehuset kl 18.30***

### **INFORMASJON - sjå neste side.**

**Informasjon:**

Jørn Hilme-stemnet, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes.

Tlf. 613 64671, faks. 613 59901

**Web:** www.hilme.com, **e-post:** info@ hilme.com

Avgrensa tal konsertbillettar. Billettbestilling på internett eller pr. telefon.

Busstur, påmelding innan 19 juli på internett eller pr. telefon, pris kr 150,-

Kurspåmelding innan 19 juli på internett eller pr. telefon, kurspris kr 300,-

**VELKOMEN TIL DET STØRSTE ÅRLEGE KULTURARRANGEMENTET I VALDRES!****NYTT FRÅ STYRET I VFL.**

*Styret har hatt to møter etter årsmøtet; 18. april og 29. mai. Me har lyst til å nemne litt frå saklista, og dei viktigaste sakene er:*

- **konstituering:** leiar; Oddrun Hegge, (vald på årsmøte), nestleiar: Gjermund Før, i arbeidsutvalet; leiar, nestleiar og Tone Voldhaug. (Tone er representanten i styret frå Vårflauen. Bjørn Strand er vara, altså omvendt av kva som stod i førre Låt o Link).
- **ungdomssatsing:** halde møte med ”nye” og ”gamle” I Valdrestakt. Fylge opp og tilretteleggje aktiviteten, innleie kontakt med Ung i Valdres. Ansvar: Tone Voldhaug
- **eiga i laget;** laga oversikt over kva laget eig og kvar det er plassert. Ansvar: Tordis Gjevre og Jan Beitoaugen Granli.
- **internett:** eiga heimeside? Ansvar: Solveig Hårdnes
- **kurs for lydteknikarar:** ”utdanne” fleire til å handtere lydutstyr som Vfl. eig. Ansvar Oddrun
- **domrarar til Hilimestemnet:** Ansvar; Gjermund, Tone og Solveig
- **Arnestadrappoen;** avslutta, sjå uttale i bladet her. Ansvar; Oddrun Det vart i prosessen uttrykt klare ynskje om å tenkje på ei skisse for ”prosjekt dans”, innleie samtalar med andre danselag som Valdres Gamaldansforening, Valdres ungdomslag. Meir konkret drøfting til hausten, fylg med!
- **Låt o Link:** Ansvar for stoffinngang; Kari Hagaseth og Ellen W. Sanderud. Trykk, stift og utsending: Jan.
- **Læreplana:** I gruppa for utarbeidning; Trygve Bolstad, Elisabet Kværne, Oddrun Hegge, Solveig Hårdnes. Ansvar: Oddrun
- **Landskappleik:** Vfl. og Øystre Slidre spel- og dansarlag er einige om eit mål om å arrangere Landskappleik på Beitostølen. Ei førebuingssgruppe vart sett ned for å finne kandidatar til dei mest sentrale verva, innleie samtale med Destinasjon Beitostølen, tenkje fordeling av arbeidsoppgåver, bruk av evt. overskot. Framlegg blir oversendt styra i lokallaga for uttale. Ein søknad blir deretter utarbeidd og send, med Valdres Folkemusikklag som formell tilskipar. I gruppa; Stian Roland og Tordis Gjevre frå Ø.S.spel- og dansarlag, Tone Voldhaug og Oddrun Hegge frå Vfl.
- **gjennomgang av stillinga til dagleg leiar:** Ansvar; arbeidsutvalet.
- **Sven Nyhus 70 år.** Vfl. sende ei helsing i høve jubilèet.

*Dette vart eit lite innblikk i kva som opptek oss mest. Ta kontakt for innspel ved nemnde punkt, eller anna som de meiner bør på sakskartet. Sjå elles leiarordet. Kva synest de om ”Vfl. som diskusjonsforum”?*

# VALDRES FOLKEMUSIKKGRUPPE DANSAR MED HULDRA

VGF har i dette vårhalvåret presentert eit nytt program for barneskulen som dei har kalla «Dans med huldra». Publikum får høre huldrehistorier av både eldre og nyare årgang, og sjølvsagt musikk knytta til temaet.

Dei får også sjå sjølvaste huldra dansa, åleine og saman med karar ho har teke i berg.

Dei medverkande er

Trygve Bolstad, Ole Aastad

Bråten, Magne Olav Selland og som hulder; Solveig Hårdnes.



Programmet er spesielt retta mot 4-7 klasse, og har til no vore synt fram i dei fleste skulane i Valdres. Eit av måla har vore å syna at sjølv om huldra og dei underjordiske i dag for dei fleste er fantasi og overtru, var dette ein gong «verkelegheita» for folk, ein måte å forstå og forhalde seg til omverda på.



Musikken vert framført både solo og i samspel, på hardingfele, langeleik, fele, song, munnarhepe og fløyte.

I slutten av programmet er det lagt inn ein aktivitetsdel, slik at elevane også får sjansen til å utfordre huldra i dans.

*Tekst: Magne Olav Selland.*

*Foto: Jon Gjesdal.*

«Huldredansarar»

# B

## TAKK TIL ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Det var fint å vera fra Valdres då ein kom til Vågå fredagskvelden på landskappleiken. Den som møtte opp der var Olav Lie fra Øystre Slidre. Han inviterte til mat og sosialt samvær i telta til Øystre Slidre.

Der var det svært gjestfritt og mykje og god mat!

Triveleg samling som spel- og dansarlaget skal ha all ære av!

NL

### Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Losse
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langdeggård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



### Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uforekapital
- Uforepension
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjeldom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

## NY LOGO FOR VALDRES FOLKE- MUSIKKLAG?

*Det har ikkje kome redaksjonen for øyra at det er laga ny logo. Difor kjem det ny påminning om dette. Alle som vil noko har logo for tida.*

*Valdres Folkemusikklag vil også visa fram seg sjølv og det laget står for. Vi må få logoen på plass!!*

### Valdres Folkemusikklag,

Tynvegen 27,

2900 Fagernes.

Tlf. 613 64671

faks. 613 59901

E-post:

[vfl@sensewave.com](mailto:vfl@sensewave.com)